

Høring: Skole- og tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder



AGDER
fylkeskommune

Innsendt: 22.09.2025 08:38
Referanse-ID: 4PM-YWE
Skjema-ID: AFK-160

Åpen høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn	Ragnhild Olavsdotter
Etternavn	Nomeland
Hvem svaret du for?	☐ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller ☒ annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	ARENDAL FENGSEL EVJE AVDELING
Organisasjonsnummer	993316121
Gatenavn og -nummer	Postboks 694
Postnummer	4302
Poststed	SANDNES

Region

Hvilke regioner gir du innspill til?	☒ Region: Indre Agder
--------------------------------------	---

Region: Indre Agder

Utdanningstilbud

Elevtallet er stabilt lavt og forholdsvis mange søker seg til utdanningstilbud utenfor regionen. Har du/dere forslag til hvordan vi opprettholder et godt tilbud i regionen?

Ekstra stipend til ungdommen som søker nærskeule.

Generell kommentar

Skole- og tilbudsstruktur

Har du noen generelle innspill til høringen som nå er ute for skole- og tilbudsstrukturen i Agder?

Kriminalomsorgen, Agder fengsel har med sine 3 hovudlokasjonar samarbeid med 3 nærliggande vidaregåande skular i Agder. I Froland avdeling er det Sam Eyde vgs, i Mandal avdeling er det Mandal vgs og i Evje er det Evje ungdomseining, som samarbeidar tett med Setesdal vgs avd Hornnes. Adelinga der sørger for skule/utdanning av innsette, som på Evje er mindreårige.

Setesdal vgs har gjennomført skule/utdanning for kriminalomsorga på Evje siden 2009, med forskjellige grupper innsette; kvinner, menn, i høg- og lågsikkerheitssoning.

Våren 2025 åpna Agder fengsel avdeling Evje som ungdomsfengsel med førebels 4 soningsplassar, der dette skal utvidast til 11 soningsplassar i 2026, og vil med det bli landets største ungdomsfengsel for mindreårige.

Kriminalomsorgen (Evje) har i mange år hatt eit tett og godt samarbeid med Setesdal vgs om utdanningstilbudet for innsette. For den nye innsettgruppa med mindreårig ungdom i alderen 15 – 17 år, vil skuletilbodet vere særdeles viktig. Skule er

hovudaktiviteten til ungdom som soner ho oss, enten i varetekt eller på dom. Normalitetsprinsippet er gjeldande for alle innsette, også i ungdomsfengsel, der ein jobbar for å legge til rette for eit så normalt liv som muleg, sjølv innanfor «murane».

Eit godt skuletilbod er avgjerande for eit meningsfylt innhald under soning, og rehabilitering av innsette, i særleg grad ungdom. Skuletilbodet i fengselet gjennomførast med lærarar i heiltids- og deltidsstillingar. Vidare driv Setesdal vgs ulike skulemotiverande tilbod, karriererettleiing av innsette, og har tett samarbeid med kriminalomsorga, Bufetat, ABUP og andre aktuelle samarbeidspartnere.

Setesdal vgs er lokalisert omkring 3 km frå fengselet på Evje. Kort reisevei er viktig for fengselet og skulen da fleire lærarar har deltidsstillingar i skule og fengsel. Vidare ved eventuell fremstilling av elevar frå fengselet til skulen (personell køyrer ungdommen fysisk ned til skulen og er saman med dei der på ordinær skule). Skulen bør kunne tilby eit breidt skuletilbud, som innsette/elevar kan nytte seg av. Når fengselet er klart for å ta imot inntil 11 ungdommar, vert behovet for skulen sitt tilbod og aktivitet enda større, noko me oppfattar at Setesdal vgs er klar for.
